

Fra: Jan Espen Vik <jev@ardarealplan.no>
Sendt: 9. oktober 2014 13:04
Til: Christian H. Reinshol
Kopi: Julie Daling; runean@nilsen.com; Arnold Matre
Emne: SV: Breimyra
Vedlegg: Føresegner Breimyra_09.10.2014.docx;
Planskildring_Breimyra_09.10.2014.pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Ok, enig i at det er mykje betre for både tiltakshavar og byggesaka at det ikkje er konkrete krav til heile takareala som takterrasse, men at me set minstekravet til 30kvm per eining utanom leikeareal f_LP1. Eg har gjort dette i ny føreseg, og samtidig behaldt «kan» i #1 og #2. Ser det fornuftig ut for de óg når de skal skrive framstillinga? Eg har óg rett og endra skildringa etter det du peika på.

Med beste helsing
Jan Espen Vik
Arealplanleggar

Ard arealplan as

Fra: Christian H. Reinshol [<mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>]
Sendt: 8. oktober 2014 16:32
Til: Jan Espen Vik
Kopi: Julie Daling; runean@nilsen.com; Arnold Matre
Emne: SV: Breimyra

Hei,

Har sett kjapt på dette no, og bortsett frå at eg ikkje får reknestykket på leike areal i 8.5 til å gå opp ($1900 / 28 = 147??$) ser det greitt ut dette. Eg ser no at det kanskje hadde vore meir praktisk å ha eit minstekrav til MUA i føresegnene (f.eks 30 m2) foran eit spesifikt krav om takterrasse her, så de kan jo vurdere det evt. Uansett har de jo vist at de kan få til bra med uteopphaldsareal.

I forhold til spørsmålet du hadde i førre eposten er svaret at me tek utgangspunkt i kommuneplanen når me vurderer MUA og leikeareal inn i reguleringsplanar innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund, men me har ikkje noko spesifikt krav som utgjer ein praksis då dei ulike reguleringsplanane har ulike utfordringar. Men i utgangspunktet prøver me å legge oss opp mot krava som er satt i kommuneplanen sidan det ikkje er spesifikke krav i føresegnene til kommunedelplanen. Så du vil finne døme på reguleringsplanar der ein har mindre MUA/leik enn det som er satt i kommuneplanen. Hovudfokuset vårt er uansett at ein legg til rette for best moglege bustadmiljø gjennom reguleringa.

Håper det var oppklarande!

Venleg helsing

Christian Hagerup Reinshol
Arealplanleggar / Klimarådgjevar
Areal- og miljøeininga
Lindås kommune

Fra: Jan Espen Vik [<mailto:jev@ardarealplan.no>]
Sendt: 8. oktober 2014 15:28
Til: Christian H. Reinshol
Kopi: Julie Daling; runean@nilsen.com
Emne: SV: Breimyra

Ser de om kapitlet om uteoppfallsareal no er utgreidd nok i høve til meldinga under?

Med beste helsing
Jan Espen Vik
Arealplanleggar

Ard arealplan as

Fra: Julie Daling [<mailto:Julie.Daling@lindas.kommune.no>]
Sendt: 7. oktober 2014 16:08
Til: Jan Espen Vik
Kopi: Ard arealplan as; Arnold Matre; Christian H. Reinshol
Emne: Breimyra

Hei Jan Espen

Vi prøver å legge Reguleringsplan for Breimyra gnr. 137 bnr. 109, 144 m.fl. fram for ny 1.gongs-
handsaming i møte 29.oktober.

Det vert vist til Vedtak i PMU 22.01.2014, sak 5/14.

Når det gjeld det fyrste endringspunktet har vi følgjande kommentar;

- *Kan* i føresegn § 3.1.6 må erstattast med *skal*. Opparbeiding av felles takterasse må i tillegg inngå som eit rekkefølgekrav.
- Planskildringa gjev framleis ikkje ei forklaring på kvifor uteoppfallsarealet ikkje oppfyller krava i kommuneplanen og det er heller ikkje skildra korleis ein ser for seg at arealet skal utformast. Forholdet til arealkravet og utforminga må utgreiast nærare. Arealtabellen i kap.8.2 må oppdaterast i høve uteoppfallsareal. Det er manglande samsvar med denne tabellen og oppførte areal i plankartet.

Denne endringa av planbeskrivelsen og føresegner må vi på planavdelinga ha i hende før 14.oktober for å kunne legge fram oppdatert plandokument for politikarane.

Underteikna har overtatt som sakshandsamar på denne planen, men er på haustferie frå i morgon.
Dersom spørsmål, henviser eg til Christian Reinshol (tlf: 56 37 56 62)

Med venleg helsing

Julie Daling

Lindås kommune
Areal- og miljøeininga
Tlf: 56 37 56 30